



SOKKAKNUTEN

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Om lag 1,5 til 2 timer fra Levik.

Passar for: Familietur

Parkering: I tilknytning til hyttegrenda.

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Turen startar i hyttegrenda, så her er det viktig å ta omsyn til dei besøkjande. Det er og mogleg å ta ein kortare tur til Eikelitjønn rett ovanfor hyttegrenda. Dette er veleigna for familiar. I Eikelitjønn kan ein freista fiskelukka, og det er det lagt til rette for bading.




Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Frå resepsjonen i hyttegrenda på Levik går stien langs med hyttene opp mot Eikelitjønn. Løypa er godt merka og lett å følgja. Eit lite stykke oppe i lia kjem ein til eit stidele, der den venstre går til Eikelitjønn, medan den høgre held fram mot Sokkaknuten.

Når ein passerer Eikelitjønn, byrjar stigninga opp mot Sokkaknuten. Denne kan vera bratt, og det er lurt å ta seg god tid. Jo lengre opp ein kjem, dess flottare blir utsikten. Her kan ein sitja på orkesterplass og sjå cruiseskipa skli inn under Lysefjord-brua, medan Bergevika speglar seg i fjorden.

Det siste stykket opp til toppen krev litt klatring, men er verd strevet. Utsikten ut mot Høgsfjorden og vidare inn i Lysefjorden er fantastisk!

Turen ned går på nordvestsida av toppen, og følgjer skaret ned til innmarka. Det siste stykket går på anleggsveg og på bilveg ned til grenda.

Historie og natur

Gravhaugar og rydningsrøysar tyder på at det har vore gamal bosetjing på Levik, og på 1500-tallet var store delar av garden klostergods under Utstein kloster i Rennesøy kommune. I dag er det hyttegrenda som dominerer i området.

Til Eikelitjønn er det mogleg å ta ein kortare tur med heile familien. Det er og mogleg å freista fiske-lukka her.

Det er bratt rundt Sokkaknuten, så her trivst både hjort og rådyr. Terrenget er variert og veksler mellom røsslynghei og storvaksen furuskog.

Klimaet er mildt, noko som har ført til rike førekommstar av kristorn innimellom furuleggane. Det er også eit rikt fugleliv i områda nær Sokkaknuten, og ein kan høyra ulike spurvefuglar kvitra frå trea, medan orren buldrar i lia.



